

PLAN FOR SAMARBEID MELLOM
BEVARINGSTENESTENE OG DEI
KONSOLIDERTE MUSEA I
VESTLAND FYLKE 2024-2029



Foto: Gunn Monsen / Bymuseet

INNHALD

- 4 FORORD**
- 6 INNLEIING**
Kvifor treng vi ein felles plan?
Kva skil den felles planen frå musea sine egne planar?
- 8 OPPSUMMERING AV FØRRE SAMLINGSPLAN, KVAR ER VI NO?**
- 11 FØRINGAR**
Plan for museer og frivillig kulturvern 2022-2031, Bergen kommune
Kultur bygger samfunn, regional plan for kultur 2023-2025, Vestland fylkeskommune
Meld St. 23, Musea i samfunnet- tillit, ting og tid
- 14 SAMLINGANE TIL MUSEA I VESTLAND**
Kort omtale av alle musea og deira samlingsprofil og historikk

Musea i Sogn og Fjordane
Museum Vest
Museumssenteret i Hordaland
Kode
Sunnhordland museum
Baroniet Rosendal
Bymuseet i Bergen
Haugesenteret
Kraftmuseet
Hardanger og Voss museum
- 26 MAGASINSITUASJONEN I FYLKET**
Musea sine nærmagasin
Eksisterande fellesmagasin
Nytt fellesmagasin
- 28 SAMHANDLING MELLOM MUSEA OG BEVARINGSTENESTENE**
Om Bevaringstenestene
Kompetanse hos Bevaringstenestene
Dokumentasjonsteam
RE-ORG
Housekeeping
IPM
Insektssanering
Klima
Utstillingsarbeid
Tilstandsvurderingar og kalkylar
Verdibergingsplanar
Kurs
- 32 FEM MUSEUMSKATEGORIAR, OG SPESIFIKKE UTFORDRINGAR**
Folke-/regionsmuseum
Tema-/spesialmuseum
Kunstmuseum
Industrimuseum
Kunstnarheimar, historiske hus og interiør
- 34 TILTAK I PLANPERIODEN**

FORORD

I Vestland fylke har vi fantastiske museumssamlingar både i nasjonal og internasjonal samanheng. I fylket finn vi mellom anna ei av landets største Munch-samlingar, og vi finn heimane til Nikolai Astrup og Edvard Grieg. Vi har Lepramuseet som formidlar historia om oppdaginga av leprabasillen og vegen til å kurere denne sjukdommen, og vi har Noregs einaste baroni. Like viktig som samlingane som kan markere seg i ein større samanheng, er dei som fortel historia om vårt nærrområde, og korleis det står i høve til verda rundt oss. Vi har samlingar som fortel om sjøfart og krigshistorie, om bondesamfunnet og om industrialiseringa, om musikk og kunst. Dei stammar frå fjern til nær fortid, og heilt fram til samtida vår. Gjenstandane er mangslungne, vi har alt frå synåler til store fartøy, og på ulike måtar er dei med på å fortelje oss historia om kven vi er og kvifor.

I 2018-2019 sende ICCROM ut ei verdsfemnande undersøking der dei spurte korleis ei verd utan kulturarv (ingen arkiv, museum, monument, bygningsmiljø og kunst, t.d.) ville verke inn på livet til respondentane¹. Om lag halvparten svarte at kulturarv representerer sosial og kulturell identitet, respekt for fortida og det å høyre til ein stad. Å miste alle desse markørane ville ha stor innverknad på liva til dei som svarte.

Musea har tatt på seg den store oppgåva det er å bevare delar av kulturarven. I Vestland forvaltar musea 461 470 kulturhistoriske gjenstandar, i tillegg kjem ei mengd foto, naturhistoriske gjenstandar og vel 60 000 kunstgjenstandar. Statistikken gir ikkje eit eintydig tal på kor mange

årsverk som går med til å forvalte samlingane eller kva kompetanse musea lokalt har til dette, men musea har samlingsforvaltarar, arkivarar, fotografar, historikarar, museologar, kulturvitarar og konservatorar som utfører viktige oppgåver på feltet. Gjennom Bevaringstenestene har musea i Vestland også tilgang til eit spissa fagmiljø innan konservering og samlingsforvaltning. Det ligg difor til rettes for eit godt og samordna samarbeid på dette feltet. Det var Hordaland fylkeskommune som etablerte Bevaringstenestene og fellesmagasinet i Salhus, som sto ferdig i 2007, og fylket har teke ei aktiv rolle i å leggje til rette for samarbeid på samlingsforvaltningsfeltet. Museumsløftsordninga har også vore ein viktig katalysator for gode felles prosjekt gjennom åra, og det er viktig at denne ordninga vert styrka og vidareført.

Denne planen er meint til å peike på dei områda vi ser oss mest tent med å halde fokus på dei neste fem åra, slik at vi får overført kompetanse og utnytta dei samla ressursane på best mogleg måte. Ein plan for samarbeid innan samlingsforvaltning kan ruste oss alle til å arbeide betre og meir effektivt slik at vi saman kan fylle vårt samfunnsansvar, nemleg å forvalte kulturarven til beste for framtidige generasjonar.



Foto: Baroniet Rosendal

¹ poster_heritagefair_ai_20230109.pdf (iccrom.org)

INNLEIING

Vestland fylke har ni konsoliderte museum, og eitt museum som er del av eit konsolidert museum i eit anna fylke (Haugesenteret, som er ein del av Nynorsk kultursentrum). Vårt fylke skil seg dermed ut i nasjonal samanheng, med sine mange små og store konsoliderte einingar. Desse er Musea i Sogn og Fjordane, Museum Vest, Hardanger og Voss museum, Bymuseet i Bergen, Kode, Museumssenteret i Hordaland, Kraftmuseet, Sunnhordland museum og Baroniet Rosendal. Musea har ansvar for alt i frå gjenstandsamlingar, bygg og anlegg, levande samlingar, foto, arkiv til immateriell kulturarv. Det er ein stor variasjon i storleik på musea, og også i korleis musea har organisert samlingsarbeidet sitt. Nokre museum har samlingsavdelingar som arbeider på tvers i den konsoliderte eininga, medan andre utfører oppgåvene på kvar einskild del av eininga. Det er også ulike kombinasjonar av desse to måtane å arbeide på, der noko skjer lokalt, og noko på tvers. Nokre av dei minste musea har samlingsarbeidet som ein del av stillingar som også driv med formidling, drift og andre naudsynte oppgåver i museet.

Bakgrunn for planen

Vestland har ein aktiv fylkeskommune som har utvikla museumsfeltet ved å etablere prosjekt og tenester på tvers av musea. Før samanslåinga var det ni ulike konsoliderte einingar i Hordaland, og ei konsolidert eining i Sogn og Fjordane. Dette har sjølv sagt gjort til at museumskvardagen var nokså ulik i dei to fylka, men begge har arbeidd med realisering av felles prosjekt på ulike måtar. I februar 2024 opna det nye magasinet for Musea i Sogn og Fjordane i Angedalen, noko som har vore arbeidd med over ein lang periode. Når det gjeld Hordaland fylkeskommune, spelte dei ei nøkkelrolle i å etablere fellestenester innan

konservering og bevaring av samlingane. Denne fellestenesta er bland dei fremste i landet med brei kompetanse innan forvaltning av samlingane. Den er organisert som ei avdeling i Museumssenteret i Hordaland, men skal arbeide for alle musea i Vestland.

Denne planen er skriven på initiativ frå Bevaringstenestene, og difor er det dei fysiske gjenstandssamlingane som er i fokus, ettersom det er dette Bevaringstenestene har kompetanse på, og kan samhandle med musea om. Levande samlingar, bygg og arkiv er store og viktige delar av det musea skal forvalte, men dette er ikkje Bevaringstenestene sitt område. Det er naturleg at dei som har best kompetanse på desse felte er dei som skal lage felles planar om dette². Dei fleste av musea er medlem av eit eller fleire av dei nasjonale museumsnettverka, og desse kan vere fora der ein ser nærare på det. Det finns mellom anna nettverk for kulturlandskap, for botaniske hagar, for herregårdar og for bygningsvern³. Ein plan for privatarkiv i fylket er også under arbeid.

Denne planen skal vere eit utgangspunkt for å lage gode prosjekt der ein får utnytta ressursane best mogleg, både på tvers av musea og i samarbeidet mellom Bevaringstenestene og det einskildte museum. Den inneheld difor både ei kort oversikt over samlingane i fylket, ei oversikt over kva tilbod Bevaringstenestene har til musea, og konkrete utfordringar, tiltak og mål for planperioden. Det er forslag til korleis vi kan arbeide meir på tvers, og noko som må konkretiserast ytterlegare av Samlingsutvalet i fellesskap. Slik kan vi sikra kunnskapsoverføring på tvers av dei ulike musea i fylket, samtidig som vi tek omsyn til at musea har ulike føresetnader for dette. Det vil difor vere viktig å lage overkommelege prosjekt som varierer i storleik og i omfang, og også søke om støtte til gjennomføring.

Arbeidet med planen er støtta av Vestland fylkeskommune, som i 2022 gav kr 200 000 til arbeidet gjennom Museumsloftsordninga. Planen er forankra hos musea gjennom fleire møte med dei i perioden den er skriven. Disposisjonen for planen vart først presentert for musea i november 2021, og har sidan vore teke opp i fleire møte i Samlingsutvalet, som er musea sitt felles forum for samarbeid kring samlingsforvaltning. Det er teke omsyn til innspel som er kome undervegs, og musea har også fått tilsendt planen skriftleg og fått høve til å kome med tilbakemeldingar.

Målet med ein felles plan

Det overordna målet med planen er at den skal vere eit verktøy for å få til eit best mogleg samarbeid mellom Bevaringstenestene og musea. Den skal ikkje handsamast politisk, men er å sjå på som musea i Vestland sin felles plan for korleis ein skal bruke fellestenesta og moglegheitene som finns for samarbeid på ein god og effektiv måte. Slik kan vi saman arbeide for god oppbevaring, dokumentasjon og tilgjengeleggjering av dei viktigaste delane av gjenstandssamlingane i Vestland.

Samlingsforvaltningsfeltet er generelt prega av omfattande og tidkrevjande oppgåver, og for få ressursar til å løyse desse. Derfor er det smart å legge til rette for samhandling på feltet, både med Bevaringstenestene som fellesteneste, og musea i mellom. Sidan den førre samlingsplanen var skriven, har situasjonen endra seg på fleire måtar. Fellesmagasinet i Salhus begynner å fyllast opp, og forprosjektet for eit nytt magasin er i gang. Dette gjer at det no er eit lågare tempo på innflytting enn det var då Bevaringstenestene var nyetablert, og dette frigjer tid til å også gjere anna samlingsforvaltningsarbeid for musea. I tillegg vart driftstilskotet frå Vestland fylkeskommune auka i samband med fylkessamanslåinga, ettersom Musea i Sogn og Fjordane frå og med samanslåinga også skal ha tilgang til fellestenestene. Dette har medført ei styrking av fellestenestene og tilbodet til musea. Vi har forventningar til at også Kulturdepartementet vil bidra til dette. Vi har søkt, men førebels ikkje fått auke i tilskotet derfrå.

Heilt sidan Bevaringstenestene vart etablert, har musea hatt moglegheit til å ønske seg arbeid, som sin del av den tilgjengelege fellesressursen. Musea i Vestland ønskjer

å ta dette litt vidare, og finne gode metodar for å arbeide meir systematisk og langsiktig med musea si overordna samlingsforvaltning. For å oppnå dette kan det lagast planar for korleis vi kan arbeide oss gjennom ulike tema ved samlingsforvaltning som er felles for alle musea, og løfte kvart enkelt felt ved å initiere workshops og felles arbeidsdagar på tvers av musea som har liknande problemstillingar. Det vil då vere mogleg for musea å ta aktivt del i det som er mest relevant, utan at ein er forplikta til å delta på alt. Her vil det vere naturleg at Bevaringstenestene koordinerer arbeidet, men trekker inn kompetanse frå dei ulike musea som har arbeidd med dei ulike temaa og gjort seg erfaringar. At nokon skal i gang med eit utfordrande prosjekt, kan også vere eit godt utgangspunkt for felles arbeid. Då kan fleire ulike museum vere med og dra nytte av erfaringane ein gjer seg. Dette vil også kunne lage gode møteplassar mellom kollegaer, og gjere det lettare å ta kontakt med andre museum når ein støytter på utfordringar. Dersom det er Bevaringstenestene som skal halde kurs eller workshop, er det også meir effektivt å gjere dette samla enn separat på dei ulike musea.

Ein annan effekt av dette kan også vere at det blir enklare å ta arbeidet med koordinert samlingsutvikling vidare. Dette er eit arbeid som vart teke initiativ til i den førre samlingsplanen, og noko musea ser nytte i, men fleire av musea uttrykkjer også at det er vanskeleg å skulle avgrense sine felt. Dersom det vert etablert eit tettare samarbeid på samlingsfeltet i fylket, kan det bli lettare å finne vegen vidare i dette. Berekraft er eit konsept som har klar relevans for museumssamlingar. Det er ressurskrevjande å ta vare på ei samling på god nok måte. Det er avgjerande at vi ikkje har større samlingar enn vi greier å ta vare på, og at musea i minst mogleg grad samlar på det same. Då er det eit viktig steg å komme ennå lengre i arbeidet med koordinert samlingsutvikling. Får ein til meir arbeid på tvers, får ein betre oversyn over kva dei andre musea har, og dette kan gjere vegen vidare tryggare og enklare.

Rapporten «Kartlegging og utvikling av båtsamlingane ved dei konsoliderte musea i Vestland»⁴ er eit godt døme på korleis musea kan samhandle på tvers i arbeidet med å gjennomgå kategoriar av gjenstandar. Rapporten kan gjerne nyttast som eit utgangspunkt for å setje i gong eit nytt, liknande prosjekt på tvers av musea.

² I Samlingsplan 2015-2020, var det sett opp som eit mål å lage eigne planar for levande samlingar, for arkiv og for immateriell kulturarv. Dette er ikkje gjennomført, men dersom musea ser trong for dette, er dette eit initiativ som kan takast opp igjen.

³ <https://www.kulturdirektoratet.no/web/guest/museumsutvikling/vis-artikkel/-/nasjonale-museumsnettverk>

⁴ <https://misf.no/assets/misf/publikasjonar/ferdig-rapport-kartlegging-av-batsamlingar-i-vestland-2023...pdf>

OPPSUMMERING AV FØRRE PLAN. KVAR ER VI NO?

I den førre felles samlingsplanen «Samlingsplan for musea i Hordaland 2015-2020»⁵ vart det sett opp nokre tiltak for perioden, gruppert i tiltak for musea i fellesskap, for Hordaland fylkeskommune og for kvart einskild museum. Her følgjer ein kort gjennomgang av måla og kvar vi er i måloppnåing pr. i dag.

For musea i fellesskap:

Eitt av dei viktige måla i planen var etableringa av eit Samlingsråd i fylket som skulle ta avgjerder som kven som samlar inn kva. Dette skulle vere eit langsiktig samarbeid sett i lys av fordelinga av tematiske og geografiske ansvarsmuseum. Samlingsrådet vart etablert i 2016 og har vore ein viktig møteplass mellom musea og Bevaringstenestene for å drøfte utfordringar innan forvaltning av samlingane, men har i liten grad arbeidd med avgjerder om kven som samlar inn kva. I tillegg til Samlingsrådet, har vi hatt Brukarforum, som var eit forum sett saman av representantar frå alle musea, for å kunne diskutere saker som vedrører Bevaringstenestene som fellesteneste, og for at musea skulle kunne påverke innhaldet i fellestenestene. Frå og med den 7.12.2022 vart Samlingsrådet og Brukarforum slått saman, og dette utvalet tek no opp saker som vedrører arbeid som Bevaringstenestene gjer, og diskuterer ulike problemstillingar som fleire av musea har. Det er laga eit forslag til nye vedtekter og mandat som skal gjelde for Samlingsutvalet. I og med samanslåinga av desse to organa, var det meininga at det skulle kome ei politisk handsaming hos Vestland fylkeskommune, som

formaliserer dette. Dette er førebels ikkje gjennomført, men det er sett opp som eit mål i denne planen at dette vert gjort. Dei siste åra har det vore eit større haustmøte, der vi også har invitert inn eksterne føredragshaldarar om spesifikke tema, som til dømes prioritering og avhending eller samhandling. Elles er det eit fast vårmøte, og det vert også kalla inn til møte, elles når det er saker som bør drøftast.

Det andre målet var å gjennomføre eit fellesprosjekt der musea tilpassar og tek i bruk SPECTRUM-standard⁶, slik at ein får felles rutinar for mellom anna innsamling, registrering og avhending. Dette er ikkje gjennomført, men dei fleste av musea har teke i bruk SPECTRUM, til ein viss grad. Dette er gjort individuelt, og ikkje som eit fellestiltak.

Det var sett opp som eit tiltak å lage eit samarbeid mellom musea i fylket og på nasjonalt plan om innsamling av masseproduserte gjenstandar. Dette er eit omfattande langsiktig arbeid som vil krevje eksterne tilskot. Dette er ikkje gjennomført i perioden.

Ein skulle lage ein metodikk for dokumentasjon av eit felt, som til dømes skulehistoria i fylket. Målet var at metodikken skulle kunne brukast på andre samlingar også. Det er gjennomført eit prosjekt på kartlegging av båtar på tvers av musea. Dette er ein metodikk som har overføringsverdi på andre kategoriar. Den går meir på gjenstandskategori enn tema, men grunntanken om at ein basert på denne typen kartleggingar kan gjennomføre

felles prioriteringsprosjekt på tvers av musea, er den same.

Det var også eit mål om å lage ei eiga gruppe for musea som forvaltar levande samlingar. Dette er ikkje oppretta, men det er eit nasjonalt nettverk for dette, «Nasjonalt museumsnettverk for forvaltning av kulturlandskap». Nettverket har vore aktivt sidan 2004, og fleire av musea i Vestland er medlem her.

For Hordaland fylkeskommune:

Eit tiltak her er å støtte prosjekt som er med på avklare ei tematisk ansvarsfordeling. Det er ikkje gjennomført slike prosjekt, men fylket har støtta prosjektet om kartlegging av båtsamlingane.

Neste tiltak var å gje stønad til ein felles innsamlingsplan for musea i Hordaland. Dette prosjektet er det ikkje søkt om.

Nytt fellesmagasin for musea i Hordaland er eit viktig tiltak for fylket. Bevaringstenestene har greidd ut om oppdatert arealbehov, og fylket har sett ned ei arbeidsgruppe. Det er mange spørsmål i dette prosjektet som fylkeskommunen må ta stilling til i tida som kjem.

Fylkeskommunen skulle vere med å støtte utvikling og utviding av tilbodet ved Bevaringstenestene. I samband med fylkessamanslåinga fekk Bevaringstenestene ein auke i driftstilskotet til å arbeide i heile det nye fylket. I og med dette kunne vi tilsetje ein ny førebyggjande konservator og styrkje arbeidet i fellestenestene.

Fylket skulle også gje stønad til eigne planar for levande samlingar, immateriell kulturarv og arkiv. Ein ny plan for privatarkiv er under arbeid.

For kvart einskild museum:

Måla i førre plan var:

- Utarbeide oppdaterte samlingsplanar med prioriterte felt.
- Få på plass ein inntakskomite som vurderer all tilvekst til og avhending/destruksjon frå samlingane.
- Arbeide målretta mot at museet sine samlingar er

så godt dokumenterte at dei til ei kvar tid veit kva dei har i samlingane, kvar objekta er, og kva tilstand dei er i. Dette er ei målsetjing både for dei levande samlingane og for dei kunst- og kulturhistoriske samlingane.

- Arbeide kontinuerleg for å betre bevarings- og sikringsforholda i eksisterande magasin.

Musea har arbeidd aktivt med dette i perioden, og dei fleste har no ein oppdatert samlingsplan. Det varierer frå museum til museum kor omfattande planane er. Dei fleste musea har inntakskomitear på plass, og arbeider i nokon grad med avhending og destruksjon. Det er også stadig eit pågåande arbeid med å betre dokumentasjonen av samlingane, samt å betre bevarings- og sikringsforholda i magasin, men musea gjev samstundes uttrykk for at dette er eit så enormt arbeid med store restansar, og at ein ikkje har høve til å kome gjennom alt med dei tilgjengelege ressursane ein har i dag. Ei viktig brikke i dette arbeidet er å få på plass eit nytt fellesmagasin og samlingsentrum, som vil gje gode fysiske rammer for å arbeide med samlingane, noko det vert arbeida aktivt med.



⁵ <https://dms-cf-09.dimu.org/file/0136JSLPnk1e>

⁶ <https://samlingsnett.no/spectrum>

FØRINGAR



Foto: Gunn Monsen/Bymuseet i Bergen

Dette kapittelet ser på kva føringar musea skal arbeide etter, både dei kommunale, dei fylkeskommunale og dei statlege. Ettersom denne planen er skriven av Bevaringstenestene, som høyrer heime i Bergen kommune, er det berre desse føringane som vert direkte omtalt i denne planen, men det ligg sjølvstøtt også føringar som musea må styre etter i kommuneplanane for dei andre kommunane i fylket. Bergen kommune har ambisjonar når det gjeld nye magasin for musea i Bergen kommune, og vil vere ein viktig samarbeidspartner for å få til eit nytt fellesmagasin til gode for alle musea i fylket.

Plan for museer og frivillig kulturvern 2022-2031, Bergen kommune⁷

STRATEGIER – SAMLINGSFORVALTNING OG -UTVIKLING

Legge til rette for grundige analyser av bergensmuseenes samlinger

Økt samhandling og ressurseffektivisering skal sikre flere framtidssrettede og bærekraftige magasinløsninger

Sette søkelys på bærekraftspektet og klimatilpasninger i bygningsvernet

TILTAK – SAMLINGSFORVALTNING OG -UTVIKLING

Etablere tilskuddsordning for kritisk og sikker samlingsgjennomgang

Omfanget av kulturhistorisk bygningsmasse og gjenstandssamlinger må gjennom museumsfaglige prosesser avstemmes mellom representativitet i samlingene, museets samfunnsoppdrag og ressurser, og dekningsgrad hos søsterorganisasjoner

Legge til rette for at museumssamlingene blir digitalt dokumenterte

Museenes magasinbehov og magasinløsninger må utredes med utgangspunkt i teknologiske og bygningsmessige smarte og bærekraftige løsninger

Utrede behov for etablering av et kompetansesenter innen bygningsvern i Bergen, med vekt på klima og bærekraft

⁷ <https://www.bergen.kommune.no/api/rest/filer/V1879765>, s 76

Bergen kommune ønskjer å auke samhandlinga, og få til ei effektivisering av ressursane, og dette er heilt i tråd med Bevaringstenestene sine mål. Det er meir effektivt å arbeide i lag, og kunne dra nytte av kvarandre sine erfaringar. Det gjev ei kunnskapsoverføring frå Bevaringstenestene og ut i musea, men er også i mykje større grad mogleg å få til mellom musea. Det er ønskeleg å arbeide for å leggje til rette for at musea arbeider meir i lag med kvarandre. I tillegg til god utnytting av ressursane, er det også meir motiverande å arbeide i lag om det langsiktige og krevjande arbeidet som samlingsforvaltning ofte er. Bergen kommune seier også at magasinbehova må greiast ut, og at ein skal sjå på framtidsretta og berekraftige løysingar. Våre planar om eit nytt samlingsentrum for musea er nettopp dette. Det vil vere ei langsiktig løysing som hjelper med mange av dei prekære utfordringane som musea står i, og som inneber etablering av eit bygg som skal vere rimeleg i drift, med lite trong for vedlikehald. Å få til ennå betre samhandling om samlingsforvaltning i fylket, vil vere eit viktig førebauende steg på vegen mot realisering av eit nytt magasin og samlingsentrum.

Kultur bygger samfunn. Regional plan for kultur 2023-2025, Vestland fylkeskommune, strategi 1.2.3 i handlingsplanen

Vestland vil utvikle ein regional heilskap på museumsområdet, der ein ser ulike initiativ i samanheng på tvers av institusjonane, og der deling av ressursar og kompetanse vert lagt til grunn som hovudprinsipp.

I Vestland fylkeskommune sin regionale plan for kultur er det framheva at ein ønskjer ein regional heilskap på museumsområdet, der ein ser samanhengar mellom dei ulike institusjonane, og der ein ønskjer deling av ressursar og kompetanse. På samlingsfeltet er Vestland fylke alleie nokså langt framme, både når det gjeld kompetanse ute i musea, og med samhandling i og med fellesmagasinet, Bevaringstenestene og Samlingsutvalet. Det er likevel eit stort potensiale for å ta dette eit steg vidare. Det vert viktig for musea å definere eigne kjernesamlingar og finne måtar ein kan samarbeide om prioritering, slik at vi totalt sett ivaretek dei viktige samlingane best mogleg. Musea vil kunne spisse samlingane sine dersom dei kan avhende mindre relevante delar av samlingane på bakgrunn av ein prioriteringsprosess, anten til andre museum i fylket eller til andre museum nasjonalt. Mange av musea

har også gjenstandar med låg kulturhistorisk verdi, dette kan vere fordi dei er i svært dårleg forfatning, fordi dei har lite eller ingen informasjon kring gjenstanden, eller fordi dei har duplikat. Slike delar av samlingane kan etter grundige vurderingar destruerast eller omdefinierast til rekvisittar, slik at ein frigjer plass og tid til det ein ser som det viktige å ivareta. Det er ein ugunstig situasjon at ein del av musea ikkje kan drive med nyinnsamling, både av nyare tids gjenstandar og av gjenstandar som kan fylle hol i kjernesamlingane fordi dei ikkje har fysisk plass til å ta dei inn, eller fordi dei ikkje har kapasitet til å handsame dei⁹.

Meld. St. 23 (2020-2021) Musea i samfunnet- Tillit, ting og tid.¹⁰

Musea er komplekse institusjonar med samansette oppgåver. Kompetansedeling mellom musea er difor sentralt i den vidare utviklinga. Det er etablert mange, gode møteplassar der museumstilsette treffest og utvekslar røynsler og idear om museumsdrift eller andre faglege spørsmål. I fleire fylke er det etablert fellestenester og fellesmagasin for fleire museum. Erfaringane med dette er gode, og Kulturdepartementet ser positivt på slike satsingar. At musea finn saman og utviklar fellesprosjekt, som utforskar nye måtar å samhandla på, er ei ynskjeleg utvikling for sektoren vidare. Departementet meiner både dei einsskilte institusjonane og sektoren samla sett har mykje å vinna på saman å utforska korleis museumsinstitusjonen best verkar i samfunnet framover. Dette handlar både om fagleg styrking og god ressursutnytting.

Stortingsmeldinga viser at Kulturdepartementet ser svært positivt på fellesløysingar og felles møteplassar for fagleg utveksling og samarbeid. Dette er eit viktig signal å ta med seg og arbeide for å gjere så gode som mogleg. Fellesløysingar kjem godt ut som viktige og nyttige ringverknader av konsolideringsprosessane kring årtusenskiiftet. Dette er viktig å vidareføre og vidareutvikle.



⁹ <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/kultur/regional-plan-for-kultur/midlertidige-filer---ferdig-plan/230322-regional-plan-for-kultur.pdf>
<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/kultur/regional-plan-for-kultur/handlingsprogram-2023-2026--regional-kulturplan.pdf>
s. 30 i handlingsplanen

¹⁰ Samlingsentrum i Vestland -Frå fellesmagasin til heilskapleg samlingsforvaltning, s 13 <https://dms-cf-07.dimu.org/file/013Amt8SAWJq>

¹¹ <https://www.regjeringen.no/contentassets/573ad8ffd103469087db8ee693de5060/nn-no/pdfs/stm202020210023000dddpdfs.pdf> s. 96

SAMLINGANE TIL MUSEA I VESTLAND

For å kunne arbeide med samlingane på tvers av musea er det viktig å forstå kva samlingar vi eigentleg har i Vestland, og også kva historikken deira er. Kvifor har musea samla på dei gjenstandane dei har? Kva er det som ligg til grunn for at noko er teke inn i samlingane? Og kva ligg til grunn for at det framleis er ein del av samlinga? Kva er dei viktigaste gjenstandane, og kva er meir tilfeldige gjenstandar? Som eit utgangspunkt for refleksjon kring desse spørsmåla har vi her skildra samlingshistorikken til musea i korte trekk. Teksten er basert på tilsendt tekst frå museet, musea sine egne tekstar på heimesider, i samlingsplanar og til dels i bøker om musea.

MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Musea i Sogn og Fjordane er ei konsolidert eining med 10 avdelingar som består av både folkemuseum (De Heibergske samlinger -Sogn folkemuseum, Nordfjord folkemuseum og Sunnfjord museum), temamuseum (Kvernsteinsparken, Norsk reiselivsmuseum og Kystmuseet i Sogn og Fjordane) og kunstmuseum (Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Astruptunet, Sogn kunstsenter og Eikaasgalleriet). Museet dekkjer eit breitt felt av kunst- og kulturhistoria i Sogn og Fjordane.

Den eldste museumssamlinga er **De Heibergske samlinger -Sogn folkemuseum**, som vart oppretta av Gert Falch Heiberg som i åra kring 1900 starta å samle inn bondeantikvitatar frå Sogn, og reiskapar frå heile landet. Gjenstandane er først og fremst frå det førindustrielle

bondesamfunnet, og består mellom anna av handverk- og jordbruksreiskapar, interiør, husgeråd og tekstilar. I 1909 overdrog han samlinga til det nystarta Historielaget for Sogn. På 1980-talet vart museet oppteke av dokumentasjon av samtid og nær fortid, og det vart sett i gang ei innsamling av nyare gjenstandar. I 1981 vart det opna nytt museumsbygg på Vestrheim. Museet har også ei båtsamling.

Nordfjord folkemuseum er eit kulturhistorisk museum for Nordfjordregionen. I 1908 vart Nordfjord sogelag skipa, og hadde som føremål å få på plass eit folkemuseum for Nordfjord. Museet vart offisielt opna i 1920. I 1995 fekk museet sitt noverande bygg for utstillingar og administrasjon. Heilt frå skipinga av sogelaget i 1908, gjekk ein inn for å samle inn gjenstandar frå alle kommunane i Nordfjord. Samlinga inneheld gjenstandar knytte til hus og heim, landbruk og fjordbruk, handverk og husflid. Den største delen av samlinga er frå 17- og 1800-talet, men det er også gjenstandar frå nærare fortid. Nordfjord folkemuseum har ansvar for Holvik-jekta som er den einaste klinkbygde jekta som finst igjen i landet. I tillegg har dei 12 båtar, som er bygde mellom 1770 og 1960-talet.

Sunnfjord museum vart opna i 1926, men starta innsamlinga ved skipinga av Sunnfjord folkemuseum i 1910. I starten låg museumstunet i Førde sentrum, men i 1951 vart det flytta til Movika der det ligg i dag. Samlingane ved museet reflekterer dagleglivet i Sunnfjord i tida etter reformasjonen og fram til i dag, men hovudtyngda ligg på 18- og 1900-talet. Samlingane har eit særskilt fokus på

tekstilar, som hovudsakleg er produserte i Sunnfjord. Det er også ei større samling med tregjenstandar i tradisjonen Viksdalsmåling, og det er også mykje metallgjenstandar i samlinga. I seinare tid er det også teke inn ein del masseproduserte gjenstandar.

Kystmuseet i Sogn og Fjordane var skipa i 1980 som eit kultur- og naturhistorisk museum for åtte kystkommunar i Sogn og Fjordane. Inn i stiftinga vart det teke ei båtsamling og eit sildesalteri frå Sunnfjord museum, og ei gjenstandssamling frå Florø bymuseum. Hovudfokuset i samlinga er kystkultur. Båtsamlinga tel i dag 96 farkostar, inkludert eit flytande fartøy. Museet har også ein kunstnarheim, «Jotun» etter kunstnaren Bjørn Hegranes, med innbu og kunstsamling.

Norsk reiselivsmuseum vart etablert som ei sjølvstendig stifting i 1986. Museet har som mål å sikre reiselivshistoria musealt, og også å dokumentere og få arkivert bransjekunnskapen. Gjenstandssamlinga har relevans til reiseliv, på ulike måtar. Det er til dømes samlingar av suvenirar og minnegjenstandar, historiske reiseguidar og gjenstandar knytt til kjøken og servering.

Kvernsteinparken har ikkje noko eiga samling, men har lånt ei relativt stor mengd gjenstandar frå Bergen sjøfartsmuseum. Dette er i hovudsak kvernstein og brynestein frå skipsforlis.

Sogn og Fjordane kunstmuseum er ei vidareføring av Fylkesgalleriet i Sogn og Fjordane, og Sogn og Fjordane Kunstnarsenter som begge vart skipa på 1980-talet. Museet fekk sitt noverande namn i 2000. I 2012 flytta museet inn i nytt bygg i Førde. Museet har ansvar for regional kunsthistorie frå om lag 1900 og fram til i dag. Hovudtyngda er på tida etter 1970.

Astruptunet var heimen til kunstnaren Nikolai Astrup frå 1913, til han døydde i 1928. Kona Engel Astrup budde på garden til ho døydde i 1966, då Jølster kommune tok over eigarskapet. Astruptunet vart opna som museum i 1986. Samlinga inneheldt kunsthistoriske gjenstandar etter Nikolai Astrup, dei unike trykkplatene hans, tekstilkunst av Engel Astrup, samt kulturhistoriske gjenstandar.

Eikaasgalleriet vart opna i 1994, i det gamle meieriet på Ålhus som vart bygd om til eit kunstgalleri. Samlinga kom til ved at Ludvig Eikaas gav ei samling av sine verk til Jøl-

ster kommune. Samlinga omfattar over 870 kunstverk i ulike teknikkar.

Sogn kunstsenter vart bygd i 2011 og huser kunsten til Hans Gjesme, som donerte kunsten sin til Lærdal kommune før han gjekk bort i 1994. Mellom 1998 og 2011 vart verka oppbevart i den gamle telegrafbygningen i Lærdal. Samlinga tel i dag 1549 kunsthistoriske gjenstandar, samt om lag 3000 skisser.

MUSEUM VEST

Museum Vest vart oppretta i 2005, ved ei konsolidering av Herdla museum, Det Hanseatiske museum og Schøtstuene, Norges Fiskerimuseum, Kystmuseet i Øygarden og Nordsjøfartsmuseet. Fjell festning kom med frå 2008. Frå 2016 vart Bjørn West museet ein del av Museum Vest, og frå og med 1. mai 2019 vart Bergens Sjøfartsmuseum også konsolidert inn i museet. Frå 1. januar 2024 er Fjell festning ikkje lengre ein del av Museum Vest. I dag har museet altså 7 avdelingar. Hovudtema for museet er fiskeri og sjøfart, historie knytt til andre verdskrig og kystkultur. I hovudsak har dette lokal og regional forankring.

Nordsjøfartsmuseet fokuserer på å ha ei samling som dokumenterer Telavågtragedien og Nordsjøfarten 1940-45. Samlinga byggjer på det som Sund kommune i siste halvdel av 1980-talet samla inn av foto, gjenstandar og dokumentasjonsmateriale for å opne ei Krigsminnesamling i Telavåg. Etter at Nordsjøfartsmuseet vart etablert i 1997 blei samlinga overlevert dit. Samlinga i dag inneheld gjenstandar, foto, audiovisuelt materiale og dokument relatert til Telavåg og Nordsjøfarten 1940-45.

Bjørn West Museet sitt fokusområde er 2. verdskrigen og då særleg etableringa av milorg-gruppa Bjørn West i Masfjordfjella, og utnyttinga av krigsfangar til slavearbeid knytt til Atlanterhavsvollen – med særleg fokus på fangeleiren på Matre. Mykje av det innsamla materialet på Bjørn West-museet kjem frå motstandskampen i Masfjordfjella, eller er knytt til desse. Museet har materiale som er samla inn/gjeve til museet i tida frå 1989 og fram til museet opna i 1994. Nytt materiale har også vorte tilbode museet framover frå opninga og til i dag. Museet har siste åra drive aktiv og systematisk dokumentasjon og funn av gjenstandar i fjellet. Fleire av desse er med i nye utstillingar.

Herdla museum blei etablert i 1995 og det er den vesle øya på 1,6 kvadratkilometer som er museet sitt arbeidsområde. Med ein så avgrensa geografi er det rom for å arbeida tematisk breitt, såleis presenterer museet både naturen og historia som kjenneteiknar øya, forutan aktuelle samtidstema. Når det gjeld innsamling så har fokuset vore på materiale knytt til 2. verdskrigen og Herdla si rolle under okkupasjonen, då særleg knytt til flybasen. Samstundes har ein også samla inn generelt kulturhistorisk materiale. Gjennom fredinga av Herdla torpedobatteri har museet fått ei utvida rolle og ein har sidan 2013 teke imot objekt som har sin plass i eit stridsanlegg av denne typen.

Bergens Sjøfartsmuseums fokusområde er norsk sjøfartshistorie sett frå Bergen og Vestlandet, med særskilt fokus på handelsflåte og lokal kystfart. Samlingane er hovudsakeleg knytt til teknisk, økonomisk og sosial historie frå seglskutetida og opp til ca. 1950-åra. Museet har ansvar for marinarkeologiske funn frå Vestland fylke og Sunnmøre. Samlinga byggjer på skipsmåleri, skipsmodellar, instrument, kart, og fotografi som vart donert frå Bergens Skipperforening og Bergens Rederiforening tidleg på 1900-talet. I tillegg har museet fått deponert ein del maritime gjenstandar frå Universitetsmuseet i Bergen (UiB), samt private gåver. Museet sine samlingar viser sjøfarten si utvikling frå steinalderens stokkebåt og fram til dagens supplypskip. Samlingane tar for seg sjøfart, skipsfart og næringar knytt til dette. Sjølv om fiske og fangst ikkje er inkludert her, har museet ei avdeling knytt til bruksbåtar som – i tillegg til mange andre bruksområde – også har vore nytta til fiske. Museet har også om lag 8000 marinarkeologiske objekt, 55 000 kulturhistoriske foto, samt privatarkiv, film og lydopptak.

Samlinga til **Det Hanseatiske Museum og Schøtstuene** består av gjenstandar, biletkunst og fotografi frå ca. 1400-talet til 1950-talet. Samlinga kan delast inn i tre ulike periodar; den hanseatiske perioden, tida under det Norske kontor, og museumsperioden.

Den hanseatiske perioden var om lag 1350-1750. Frå denne perioden har museet blant anna møblar i barokk stil, biletkunst, verkøy, vaskestell og bekken.

Frå tida under det Norske kontor, som varte frå 1754 til museet vart grunnlagt i 1872, er det eit større innslag av personlege egedelar og portrett. Gjenstandane har historikk og proveniens og kan knytast til bestemte kjøpmenn

på Bryggen. Gjenstandar som tilhøyrer museumsperioden, etter 1872, kan knytast til grunnleggjara av museet, personlege egedelar og diplom. Museet har ei samling av gjenstandar som kan knytast til grunnleggjara Johan Christian Koren Wiberg, blant anna teikningar, måleri og rekvisittar til museet sine utstillingar. Samlinga inneheldt også ca. 250 rankemåleri av Miranda Bødtker. Gjenstandar frå denne perioden har god historikk og proveniens.

Kystmuseet i Øygarden ligg ved den gamle dampskipskaia i Ovågen og opna offisielt i 1996. Stiftinga tilsette museumsstyrar frå 1993 som arbeidde med å etablere museet, og med innsamling og dokumentasjon av lokal kystkultur. Før 1993 hadde Øygarden kommune engasjert leiar for museumsnemnda Ragnar Frotjold til å samle inn og registrere gjenstandar som var gitt til det framtidige museet.

Museet formidlar kunnskapen om korleis menneska i Øygarden har nytta naturen rundt seg til å skape seg eit livsgrunnlag. Det er historia om livsvilkår og næringsliv i eit typisk kystområde gjennom 11.000 år, med særleg vekt på energibruk og berekraft.

Fokusområdet er i endring. Museet har blitt del av ein større kommune, der behovet for innsamling av gjenstandar, minne etc. er større, den lokale historia har også eit større geografisk spenn, med all den historie/forhistorie det inneber. I den seinare tid har det også kome inn spørsmål om ansvar og formidling av til dømes Gjerdet kulturminnegard, potensiell utstilling i Fjell kyrkje, kommunal gjenstandssamling m.m.

Norges Fiskerimuseum vart etablert i Bergen i 1880 av Selskabet for de Norske Fiskeriers Fremme. Formålet med museet var å vise potensialet i dei norske fiskeria. Museet har store samlingar som er skapt vesentleg i to store ekspansjonsfasar: i museets første ca. 50 år, og i åra rundt årtusenskiftet. På 2000-talet blei samlingane til Norsk Handels- og Reklamemuseum innlemma i museet sine samlingar. Museets flytting til Sandviken har også tilført nye samlingar, og ei antikvarisk rolle for Sandviksboder 20-24. Museet skal ha eit heilskapleg perspektiv på fiskeria og relaterte næringar i Norge. Hovudvekta ligg på endringane frå fiskarbonden sitt sesongprega kystfiske til heilårs havfiske i det sterkt utvida sjøterritoriet, og til ei notidig samansett, profesjonalisert fiskeri- og havbruksnæring. Museet har også fokus på forvaltning og



Foto: Bevaringsstene/MUHO



Foto: Havrå/MUHO



Foto: Bevaringsstene/MUHO



Foto: Sunnhordland museum



Foto: Østerøy museum/MUHO

forsking knytt til desse næringane, og på tydinga dei har for Norge og verda.

MUSEUMSSENTERET I HORDALAND

Museumssenteret i Hordaland (MUHO) er eit museum for kultur-, natur- og industriarv, og eit kompetansesenter for konservering og bygningsvern. Museet har avdelingar i Bergen kommune (Salhus), Osterøy og Alver kommune. MUHO vart ei konsolidert eining i 2004, ved samanslåinga av **Tekstilindustrimuseet** (tidlegare Norsk trikotasje-museum), Bevaringstenestene og felleskonservator for tekniske og industrielle kulturminne. I 2006 vart Kulturverntenesta i Nordhordland oppretta og inkludert i museet, og seinare kom fleire avdelingar til: **Havrådetunet, Osterøy museum** og Lyngheiseret (2007) og **Vestnorsk utvandringssenter** (2010). (Dei utheva avdelingane er dei som har gjenstandssamlingar).

Bygningane og maskinparken Tekstilindustrimuseet forvaltar er eit freda industriminne. Salhus Tricotagefabrik (1859–1989) vart i 1987 peika ut som det best bevarte av dei eldste anlegga frå trikotasjeindustrien i Hordaland. Stiftinga Norsk Trikotasjemuseum og Tekstilsenter vart oppretta i 1992, og fabrikkens vart ein del av Riksantikvarens sitt verneprogram for tekniske og industrielle kulturminne i 1997. Museet opna offisielt i 2001, og i 2020 vart fabrikk-anlegget freda. Samlingane er påverka av nedlegginga og utflyttinga av det lokale tekstilbransjen på 1990-talet, og prega av ein redningstanke. Den gjev eit bilde av rolla tekstilindustrien har spelt i overgangen frå bondesamfunn til industrisamfunn i Noreg. Dei viktigaste gjenstandstypene er tekstilmaskiner, fabrikkproduserte klede, vareprøver, reklame, foto og andre typar dokumentasjon av tekstilindustrien i Bergensområdet.

Osterøy museum hadde sin oppstart som Gjerstad fornminnelag, skipa i 1920. Med åra er det blitt eit museumstun på Gjerstad som fortel om byggeskikken på strilelandet. Osterøy museum har ei stor samling av kulturhistoriske gjenstandar, arkiv og foto, som i hovudsak skal spegle liv og virke på Osterøy og dei omkringliggende bygdene. Museet har samlingar knytt til småindustrien på Osterøy og handverk, og har særleg kompetanse på desse felt. Tekstilhandverk, spesielt oppstadvev, og bygningshandverk er viktige fokusområde. Under Osterøy museum er også Ådnatun, eit lite museumsanlegg i Indre Arna.

Museet har ei skulestove, eit apotek og ein skomakarverkstad, og har ei samling som i hovudsak består av bruks-gjenstandar frå nærliggande jordbruksbygder.

Havrådetunet er eit klyngetun på Osterøy som har vore i samanhengande drift i 3500 år. Stiftinga Havrådetunet vart oppretta i 1973, med intensjon om å vidareføre den tradisjonelle drifta. I 1998 vart heile garden freda. Samlingane til Havrådetunet består i hovudsak av kulturlandskap og levande samlingar, bygningar og noko gjenstandar, hovudsakleg eldre reiskapar, og arkivmateriale.

Lyngheiseret vart oppretta i 2000, og tek vare på kystlyngheiene: kulturlandskapet på Ytre Lygra i Alver kommune. Begge avdelingane har hovudfokus på forvaltning av kulturlandskapa og dei levande samlingane.

Vestnorsk utvandringssenter på Sletta på Radøy er sentrert rundt seks emigranthistoriske hus, nokre med inventar, bygd av norske emigrantar i USA og demontert og flytta til Sletta i 1996–2000. Avdelinga fokuserer på migrasjon og kultur møte i fortid og notid.

KODE

Kode er ein kombinasjon av kunstmuseum og komponistheimar, og består av **Permanenten, Stenersen, Rasmus Meyers samlinger** og **Lysverket** i sentrum, samt komponistheimane Harald Sæverud museum Siljustøl, Edvard Grieg museum Troidhaugen og Ole Bull museum Lysøen. Kode har eit fokus på visuell kunst, musikk og design. Museet har sitt utgangspunkt i 1825, med opprettinga av Bergen museum, med Wilhelm F. Christie som initiativtakar og drivkraft. I 1878 vart det kommunale Bergen billedgalleri oppretta. I 1886 tok Bergen håndverks- og industriforening initiativ til å etablere eit museum etter modell frå Victoria & Albert Museum i London. Målet var å samle handverks- og kunstindustrigjenstandar av høg estetisk kvalitet, for å gi gode døme på design til etterfølging for produsentar og publikum. I 1897 opna det første faste museumsbygget, «Permanenten». Her heldt Vestlandske kunstindustrimuseum til, saman med Billedgalleriet og Bergen kunstforening i tillegg til Norges Fiskerimuseum. Mellom 1930 og 1980 flytta dei sistnemnte samlingane ut, og VK tok over heile bygget til si stadig aukande samling. I 1916 døydde den bergenske industrimannen Rasmus Meyer, som var ein av landets

viktigaste samlarar. Då han døydde, donerte barna over 800 kunstverk og rundt 100 møblar til Bergen by. Førsetnaden for gåva var at samlingane skulle tilgjengeleggjerast for publikum i eit eigna bygg, og bere Rasmus Meyers namn. I 1924 sto bygget ferdig. Ei anna viktig samling sto Johan N. W. Munthe for. Han hadde oppdrag for den britiske tolltenesta og eit stort kontaktnettverk i den kinesiske administrasjonen etter at keisardømet fall. På den måten bygde han opp ei stor samling av kinesiske kunstgjenstandar. I løpet av dei første tiåra på 1900-talet, donerte Munthe samlinga si til Kunstindustrimuseet i Bergen. I 1971 fekk Bergen kommune ein stor kunstdonasjon frå kunstsamlaren og finansmannen Rolf Stenersen. Med det fekk museet ei stor og viktig samling moderne kunst. Ein av føresetnadane var at det skulle reisast eit nytt bygg, og Stenersenbygget vart teikna av Sverre Lied og opna i 1978. I 1999 vart Bergen kunstmuseum eit nytt namn på dei kommunale samlingane, og samtidig vart det gamle bygget til Lysverkene også teke i bruk. Som følge av museumsreforma vart dåverande Bergen kunstmuseum, Permanenten Vestlandske kunstindustrimuseum, Edvard Grieg museum Troidhaugen, Harald Sæverud museum Siljustøl og Ole Bull museum Lysøen konsolidert til ei stor stifting ved namn Kunstmuseene i Bergen. I 2013 etablerte museet namnet Kode.

Samlingane i dag er fordelt på biletkunst, kunsthåndverk, gjenstandar, bygg, møblar, fotografi, video, installasjonar og digital kunst, frå antikken til i dag.

Kode har verdas tredje største samling av Edvard Munch. Kunstsamlingane har også viktige verk av Nikolai Astrup, J.C. Dahl, Harriet Backer og Christian Krohg. Det er ei brei samling av norsk og internasjonal samtidskunst, og museet forvaltar ei større samling av eldre europeisk kunst.

I kunstindustrisamlingane finst mellom anna landets største samling av kinesisk kunst, ei stor samling norsk sølv, og Singersamlinga som vart gjeven av ekteparet Anna og William Singer. Samlingane inneheld også nordisk samtidskeramikk, tekstilkunst og smykkekunst.

SUNNHORDLAND MUSEUM

Sunnhordland museum er eit regionmuseum og forvaltar nær 40 ulike antikvariske bygg. Samlingane spenner over eit breitt felt og dekkjer mellom anna det tradisjonelle fiskarbondesamfunnet, industrialiseringa og framveksten av den moderne industrien. Halsnøy kloster er ein del av museet, og det er også fleire ulike bygdetun. Sunnhordland museum si samling omfattar kulturhistoriske gjenstandar og bygningar som er samla inn frå bygdene i regionen i nærare 150 år. Fyrst gjennom den lokale avdelinga av Fortidsminneforeninga, deretter som Sunnhordland folkemuseum stifta i 1913, og i dag som Sunnhordland museum. Intensjonen var opphavleg å bevare historiske bygningar og gjenstandar frå regionen.

I den fyrste årboka til museet frå 1914 er målet definert slik: "Det var på møte på Leirvik 18. oktober 1913 at bygdemuseet og sogelaget for Sunnhordlandsbygderne vart skipa. Laget si fyreloga er å samla inn leivningar av gamall norsk kultur her i bygderne, tradisjonar og ting, og varne dei so dei vert komande ætter si eiga".

Opphavleg var tanken å ta vare på bygningar som viste lokal byggeskikk, og plassere desse på museumsområdet i Vidtsteenparken på Leirvik. Fleire historiske bygningar utgjer det ein i dag kallar Sunnhordlandstunet på Stord. I tillegg har museet gjennom åra kjøpt eller overtatt drift av ei rekkje bygningar/tun i fleire kommunar i Sunnhordland.

Museet oppbevarte opphavleg gjenstandar i Ådlandsstova, der hovudrommet fungerte både som oppbevaring og utstillingslokale. På 1930-talet kom den fyrste delen av administrasjonsbygget, med eigen magasindel på loftet. Nytt magasin i kjellaren vart bygd på 1970-talet i samband med utbygging av administrasjonsbygget. Der finn vi framleis museet sitt hovudmagasin, men gjenstandar er lagra fleire stader. I 2021 vart dette magasinet totalrenovert og oppgradert, og står no som eit moderne, klimastyrt magasin med ny innreiing. I museet sine historiske og verneverdige bygningar som ligg i andre kommunar finns det mange gjenstandar som opphavleg stammar frå bygda eller slekta til tidlegare eigarar.

Framleis er innsamlinga stort sett passiv, i den forstand at museet tar inn gjenstandar til vurdering via gjevarar som tek kontakt med museet. Dei driv i liten grad med aktiv innsamling.



Foto: Bevaringsstenestene



Foto: Sille Katrine Robinson / Museum Vest



Foto: Bevaringsstenestene/MUHO



Foto: Bevaringsstenestene/MUHO



Foto: Gunn Monsen/Bymuseet i Bergen

BARONIET ROSENDAL

Baroniet Rosendal, opphavleg eit juridisk omgrep frå 1678, er i dag eit samleomgrep for det som er att av godset Rosendal. Slottet frå 1665, Rosendal Have, Rosendal Avlsgård, Fruehuset, Husmannsplassen Treo, Omshagen, deler av Hattebergsdalen Landskapsvernområde og Folgefonna Nasjonalpark, skogreservat og skogeigedomar og freda og ikkje freda kulturlandskap mellom fjord, fonn, fjell og fossefall, er restane av den storstilte gåva på om lag 546 gårds- og bruksnummer frå familien Weis-Rosenkrone til Universitetet i Oslo i 1927. UiO oppretta straks Den Weis-Rosenkroneske stiftelse, som eig, forvaltar og syt for at drifta følgjer stiftelsen sine statuttar nedfelt i donasjonsbrevet av 1927. Stiftelsen selde ut store deler av jordegodset i dei første tiåra. Baroniet Rosendal strekkjer seg i dag over 12 000 dekar. Her er 12 000 kulturhistoriske gjenstandar, 500 kunsthistoriske gjenstandar, 500 fotografi, 4 båtar, 26 bygningar (7000 kvm), 7 kulturlandskap, over 350 dekar, 7000 planter og 129 dyr.

Slottet frå 1665 vart freda i 1923. I 2015 vart det mest sentrale arealet av godset freda – eit 350-mål stort område. Nasjonalparken og landskapsvernområdet kom i 2005 og for om lag 8 år sidan vart heile landskapet mellom fjorden og fjella i bygda Rosendal vedteke som eit Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse – KULA. Barokk-slottet frå 1665 inneheld det einaste fullstendig bevarte rommet i Noreg frå 1600-talet og eit av dei mest verdifulle empireinteriør i landet, og ei omfattande boksamling. Målerisamlinga har sin kjerne i norske romantiske landskapsmåleri, med hovudvekt på Düsseldorfskulen. Denne tradisjonen sin måte å sjå landskapet på, kan finnast att i motiva i Den Romantiske landskapsparken. Samstundes som Karen Mowatt og Ludvig Rosenkrantz let føra opp slottet anla dei Renaissancehaven – «one of the few remaining renaissance-style gardens in Northern Europe» står det i The Oxford Companion to Gardens. Rosendal er det einaste norske hageanlegg som omtala i dette velkjende oppslagsverket.

Slik Baroniet Rosendal framstår i dag, er grunna på Stamhusbesittar Marcus Gerhard Hoff-Rosenkrone sitt arbeid og hans verdsåskoding. Han fekk anlagt to nye hagar på Rosendal – Landskapsparken og Kjøken- og urtehagen. Den romantiske landskapsparken utgjer ein stor del av det freda området. Utsiktlinjene til fjella, fossefalla, fjorden

og det omkringliggende landskapet er ein essensiell og fullverdig integrert del av parken. Kunsthistorieprofessor Magne Malmanger skriv at «Rosendalshagen er mellom dei finaste kunstverk som kom til i Noreg i det forrige hundreåret». Kjøken- og urtehagen utvikla hagebruket i distriktet og Rosendal Avlsgård vart eit mønsterbruk med avlsarbeid av nasjonal betydning. Her hadde Hoff-Rosenkrone sin eigen skule for ungdom, tufta på hans tru på danning og kunnskap.

Publikum har kunna vitja Slottet sidan 1927. Men den omfattande kulturformidlinga som Baroniet Rosendal no er kjent for, starta med forvaltarparet som overtok drifta i 1980. Denne perioden fram til i dag har endra vesentleg publikum sitt høve til verdfulle opplevingar og gitt tilgang til dei fleste delane av museumsanlegget. Baroniet Rosendal vart eit halvoffentleg museum i 1990, vedteke som konsolidert museum i 2003 og er med i Det nasjonale museumsnettverket.

BYMUSEET I BERGEN

Bymuseet i Bergen er eit kulturhistorisk og arkeologisk museum som består av Damsgård hovedgård, Alvøen hovedbygning, Gamle Bergen museum, Bryggens museum, Håkonshallen og Rosenkrantzårnet, St. Jørgens Hospital, Bergen skolemuseum og Hordamuseet.

Bymuseet forvaltar i dag 105 kulturhistoriske bygningar, 32 av desse er freda. I tillegg har museet ei gjenstandssamling som inneheld 92 000 objekt, og 88 000 fotografi. Bymuseet har store kulturhistoriske samlingar innan sosialhistorie, landbrukshistorie, byhistorie og institusjonshistoriske felt frå reformasjonen og framover. Dei ti ulike samlingane er også knytt til utvikling og levekår i Bergen og omland.

Alvøen er eit av Norges eldste industrimiljø, og særskilt kjent for produksjon av papir. Alvøen Papirfabrik AS var eigd av Fasmer-familien, og var i drift frå 1797 til 1981. Gjenstandane er knytt til Fasmer-familien og staden Alvøen med si kultur-, industri-, sosial-, og familiehistorie. Samlingane inneheld i hovudsak inventar frå hovudbygningen som bøker, møblar, porselen, tekstilar, maleri og sølv.

Bergen skolemuseum opna for publikum i 2003, men

samlinga har ei lengre historie. Bergen skolestyre vedtok i 1903 å opprette eit skulemuseum i Bergen, og heilt sidan då har det vore samla inn gjenstandar. I 1980 overtok Bergen kommune ansvaret for museet. I 1998 vart Latin-skolen frå 1706 vedteke som ny lokalitet. Samlingane spenner over eit tidsrom frå 1800-talet og fram til vår eiga tid, med ei hovudvekt på perioden 1920-1960. Det er eit mål at samlinga skal vere representativ for ulike periodar i skulehistoria i Bergen. Den inneheld hovudsakleg inventar knytt til skulebygg, læremiddel, trykk og bilete som på ulike måtar representerer utviklinga.

Bergen brannhistoriske stiftelse blei oppretta i 1988. Det er vedteke at denne samlinga på sikt skal driftast av Bymuseet. Det er ei stor samling som består av mellom anna 14 brannbilar, brannsløkkjeutstyr, uniformer, hjelmar og anna utstyr. Alderen på gjenstandane strekker seg frå 1600-talet og fram til nær fortid.

Gamle Bergen museum blei grunnlagt i 1934, med for-målet å bevare eit bilete av byen slik den ein gong var. Museet fortel historia om bergensk byggeskikk, ulike sosiale lag sitt liv og virke, og om handverk og handel frå 17- og 1800-talet. Museet opna for publikum i 1949, og stadig fleire hus vart reist i 1950-60-åra. Samlinga består hovudsakleg av møblar og husgeråd, tekstilar, tapetar og gjenstandar frå ulike handverk.

Fotosamlinga til Gamle Bergen utgjer ein stor del av samlingane. Dette er ei unik samling som inneheld mellom anna ei stor portrettsamling, samt landets største samlingar av daguerreotypiar og ambrotypiar.

Hordamuseet vart grunnlagt som Hordaland Landbruks-museum i 1945, men innsamlinga av gjenstandar starta allereie på 1930-talet. Utgangspunktet for samlinga var kyst- og fjordkulturen i Nord og Midt-Hordland. Samlinga består av bygningar, husgeråd, inventar, tekstilar og reiskap. Museet har ei stor samling båtar.

Lepramuseet St. Jørgens hospital er lokalisert i det gamle leprahospitalet St. Jørgen. Museet opna i 1970. Samlingane rommar i hovudsak gjenstandar knytt til leprahistoria. Delar av det originale interiøret frå hospital-tida er bevart og stilt ut. I samlinga er det også ein del frå Harastølen, Luster sanatorium.

Damsgård hovedgård er ein lyststad bygd av stiftsamts-

skrivar Svanenhjelm tidleg på 1700-talet. Anlegget har gjennomgått ei omfattande restaurering, og opna for publikum som museum i 1993. Mykje av innbuet er gitt som gåve frå familien Janson som var tidlegare eigarar.

Håkonshallen og Rosenkrantzårnet er begge nasjonale minnesmerke frå 1200-talet. Gjenstandar knytt til desse som blir forvalta av Bymuseet, er hovudsakleg souvenirar med motiv frå dei to bygga. Det er også ei gjenstandssamling som går på tvers av dei andre samlingane, Bymuseet-samlinga. Her blir gjenstandar som ikkje høyrer til i dei andre samlingane registrert inn. Det kan vere gjenstandar knytt til byens identitet eller tema som er teke opp i utstillingar i Bymuseet.

Samlinga til **Bryggens museum** er eigd og forvalta av Universitetsmuseet i Bergen.

HAUGESENTERET

Haugesenteret er ein del av Nynorsk kultursentrum. Det ligg i Ulvik i Hardanger. Senteret tek føre seg forteljingar knytt til diktinga til Olav H. Hauge og andre poetar. Haugesenteret har ei samling arkivmateriale knytt til Olav H. Hauge sitt liv og virke, samt Hauge si boksamling.

KRAFTMUSEET

Kraftmuseet er eit museum for norsk vasskrafthistorie, historie knytt til kraftkrevjande industri og samfunnet ikring. Museet forvaltar fleire historiske bygg både i Odda og i Tyssedal, her kan særleg kraftstasjonen Tysso 1, det nasjonale kulturminnet i Tyssedal, trekkast fram. Museet forvaltar også store mengder foto- og arkivmateriale.

Kraftmuseet starta som prosjekt i 1985 under namnet Odda Industristadmuseum og arkiv og vart eit permanent museum frå 1989. Gjenstandsinnsamlinga starta i 1987 med vekt på inventar, utstyr, klede og tekstilar frå før 1960. Første mål var oppbygging av utstillingar med fire tidstypiske leilegheiter i den restaurerte arbeidarbustaden Folgefonngata 11 i Odda sentrum, bygd i 1907/08. Frå 1993 overtok museet naboeigedomen Folgefonngata 9 med fullt inventar, tekstilar, foto og privatarkiv. Nummer 9 er ein formannsbustad som har vore i privat eige sidan 1920-talet og familien har budd her samanhengande frå 1908 til 1993. Dette er ei unik, proveniensbasert samling

der alt i prinsippet skal takast vare på. Mange av gjenstandane frå startfasen er utstilt permanent i bustadane, andre er lagra lokalt og i fellesmagasinet i Salhus. Tekstilsamlinga inneheld klede og tekstilar til hus og heim, samt arbeidsklede. Faner og gjenstandar frå ulike organisasjonar og institusjonar på industristaden er samla sidan 1995 og er eit prioritert felt.

Etter at museet flytta hovudsetet til Tyssedal midt på 1990-talet og fekk regionale og nasjonale oppgåver knytt til NVE si museumsordning, har kraftproduksjon, energi- og smelteverksindustri vore viktige tema. Mange gjenstandar i Tyssedal kraftstasjon og tilhøyrande anlegg (freda frå år 2000) og på Odda Smelteverk (konkurs i 2003), er tatt vare på in situ eller lagra. Museet eig to smier med utstyr, i Tyssedal kraftanlegg og på Smelteverket i Odda, og dei eig også det tidlegare laboratoriet etter Odda Smelteverk. Laboratoriet er i aktiv bruk som vitensenter, men her er òg mange bevaringsverdige gjenstandar frå industriperioden.

I 2023 definerte museet 5 prioriterte tematiske område for innsamling og forvaltning, desse er: Vasskraft, industri og industristad, Lag- og organisasjonsuttrykk, Arbeidsklede i industrien, Dokumentasjon, kraft og kraftutbygging, og Industriarkiv og organisasjonsarkiv.

HARDANGER OG VOSS MUSEUM

Hardanger og Voss museum er eit museum som består av seks ulike avdelingar som vart konsoliderte i 2006. Dei ulike avdelingane er Voss folkemuseum, Hardanger folkemuseum (inkludert mellom anna Agatunet), Kunsthuset Kabuso og Ingebrigt Vik museum, Hardanger fartøyvernsenter, Granvin bygdemuseum og Kvam bygdemuseum. Museet har eit breitt fokusområde og formidlar kulturuttrykk frå Voss og Hardanger frå fortid og samtid. Hardanger fartøyvernsenter har ei maritim samling, medan Kusthuset Kabuso ikkje har ei eiga samling. Ingebrigt Vik museum har ei samling verk av denne kunstnaren. Dei andre avdelingane har relativt typiske folkemuseumssamlingar.

Dei fyrste åra etter opprettinga av **Hardanger Fartøyvernsenter** i 1984 (namnet den gongen var Stiftinga Hardangerjakt av 1884) hadde stiftinga ei litt tilfeldig innsamling av mindre klinkbygde båtar, samt tilfar og reiskap knytt til

småbåtkulturen. Dei fyrste åra vart båtane i stor grad lagt til samlinga etter tilbod frå privateigarar og via tilsette som kom over interessante objekt. Frå 1990-åra vart innsamlinga avgrensa til båttypar som typisk vart bygde i Hardanger og lett- og livbåtar til den verneverdige flåten. I 2016 vart båtane samla i magasin i Kulturnaustet. I samband med oppbygginga av magasinet vart det gjort ein gjennomgang av båtane og nokre båtar vart avhenda. Når det gjeld dei større fartøya har det vore ei føring at dei bør ha tilknytning til Hardangerregionen. Fartøyvernavdelinga har dei siste åra samla inn ein del gjenstandar knytt til fartøykulturen, og då spesielt riggdelar.

Hardanger folkemuseum vart stifta i 1911 og ein tok til med å samla gamle gjenstandar frå bondekulturen i området. Stiftarane såg at samfunnet var i endring og dei ville samle lokalproduserte og unike gjenstandar som dei såg vart erstatta av fabrikkproduserte gjenstandar frå inn- og utland. Slik omfattar gjenstandssamlinga tekstilar, verktøy og husgeråd frå Hardanger. Museet fekk tilbod om gamle hus som gjekk ut av bruk og fekk sett dei opp på eit kommunalt område på Utne. Husa vart brukte som utstilling og magasin.

Ingebrigt Vik museum vart teikna av arkitekt Torgeir Alvsaker i 1932 og bygget stod ferdig i 1934. Ingebrigt Vik (1867–1927) testamenterte samlinga av eigne verk til Øystese ungdomslag, som fekk reist museet. Samlinga på rundt 400 objekt er ei nær komplett samling av objekta han laga i karrieren, sett saman av teikningar, ulike skisser i råleire og gips og som ferdige figurar og relieff i gips og bronse. Her er også nokre få figurar i marmor. Samlinga vert tidvis utvida med einskilde gåver og innkjøp av objekt som ikkje finst i samlinga frå før.

Kvam bygdemuseum vart skipa i 1912, med Øystese ungdomslag som ansvarleg. I 1917 overtok ein samskipnad med vedtekter for museet. Den gang var det registrert rundt 2000 gjenstandsnummer i samlinga. Frå 1960 fekk museet årlege statsløyvingar. Kvam herad kjøpte Storeteigen i 1965, og der er det i dag eit friluftsmuseum med sju hus. Samlinga er sett saman av verktøy, husgeråd og møblar som vart nytta av bønder og handverkarar i den aktuelle tida.

For **Voss folkemuseum** (VFV) sin del tok samlinga til i 1890-åra, då Voss sokneselskap samla inn gjenstandar som vart stilte ut i Finnesloftet. VFV vart skipa i 1917, og

gjekk då i gang med eiga samling. Museet overtok samlinga frå Finnesloftet midt i 1920-åra. Dei fleste gjenstandane vart lagra i husa på Mølstertunet. Samlinga vart utvida då museet tok over Nesheimstunet i 1970 og Oppheim gamle prestegard i 1976. Samlingsbygget ved VFFV stod ferdig i 1985, med eit stort magasin i fyrstehøgda. Samlinga er i hovudsak sett saman av gjenstandar frå den gamle bondekulturen. Der finst òg nokre gjenstandar frå fyrste halvdel av 1900-talet og ein del bøker. Voss folkemuseum kom inn i Hardanger og Voss museum i 2008. Dei siste åra har det vore to store tilvekstar. I 2014 kjøpte museet fotoarkivet til Herheim foto, som inneheld bilete frå 55 000 fotooppdrag. To år seinare overtok museet Dagestadmuseet, der det er store samlingar etter treskjeraren og skulemannen Magnus Dagestad.

I **Granvin bygdemuseum** finn ein seks bygningar kring eit tun. Desse husar fleire samlingar og utstillingar. M.a. er det ei botanisk samling etter Johan Havaas. Museet vart skipa på 1930-talet og bygningane flytt til Eide på 1980-talet. Det eldste bygget er Holvenstova - ei storstove frå 1700-talet.



Foto: Hardanger folkemuseum/HVM




Foto: Bevaringstenestene/MUHO



Foto: Ingebrigt Vik museum/HVM




Foto: Bevaringstenestene/MUHO

MAGASINSITUASJONEN I FYLKET

Musea sine nærmagasin

Slik situasjonen er ved dei fleste museum, er det også mange av musea i Vestland som har for liten plass til å oppbevare samlingane sine på ein tilstrekkeleg god måte, og mange er nøydde til å bruke lagringsplass som er direkte skadeleg for samlingane. Det er teke i bruk lokale i kjellarar, loft, uthus og liknande, der ein har utfordringar med svingande klima, med skadedyr og fukt. Ein del av musea har også gode eigne magasin, og nokre av dei har i nyare tid rehabilitert og innreia gamle bygg til museums-magasin. Dette gjeld mellom anna Bymuseet i Bergen, KODE og Musea i Sogn og Fjordane. Desse magasinane er sjølvstøtt store løft for dei konsoliderte musea det gjeld, og som utgjer ein viktig skilnad for forvaltning av samlingane deira. Ved undersøkinga Bevaringstenestene gjorde i samband med utgreiing for nytt fellesmagasin kom det likevel tydeleg fram at ingen av musea har tilstrekkeleg plass i eigne magasin. Det er framleis store behov for plass til gjenstandar, men ikkje minst til å arbeide med samlingane på ein god og forsvarleg måte. Mange manglar plass og gode nok fasilitetar til å kunne reingjere, fotografere og gjere dokumentasjon av gjenstandane.

Eksisterande fellesmagasin

Fellesmagasinet for dei konsoliderte musea i Hordaland sto ferdig i 2007, og er eit relativt lite magasin på 1300 kvadratmeter. Magasinet er bygd i delar av gamle Salhus Tricotagefabrik og er drifta av Bevaringstenestene.

Bygget er eigd av Vestland fylkeskommune. Her er det tekstilmagasin, magasin for gjenstandar, samt to kjøle-magasin med ulik relativ fukt. Det er også eit studierom og eit fotostudio med plass til å handsame gjenstandane før dei vert magasinerte, det vil seie tilstandsvurdering, foto og pakking. Fellesmagasinet nærmar seg no fullt. På grunn av dimensjonar på dører og fordi det er eit gammalt bygg som er tilpassa formålet, har det aldri vore plass til å ta inn store gjenstandar som hestevogner, bilar eller motorar. Lagring av slike gjenstandar er det eit stort behov for ute i musea. Musea i Sogn og Fjordane har ikkje tilgang til å levere gjenstandar til dette magasinet, men det vil dei få i eit nytt fellesmagasin for heile fylket.

Fellesmagasinet for Musea i Sogn og Fjordane, Tinghuset, har gjort ferdig første byggsteg med 2 600 av samla 3 900 m² og inneheld magasin for båtar, store gjenstandar, mindre gjenstandar og kunst. Når Tinghuset i Angedalen, Sunnfjord, er ferdig, vil det innehalde 3 900 m² magasinflate og fungere både som besøksmagasin og ha gode arbeidsforhold for samlingsarbeid.

Nytt fellesmagasin

Allereie frå planlegginga av fellesmagasinet i Salhus, var det klart at det ikkje ville vere stort nok til å dekkje behova i fylket. Det var meint som eit første steg på vegen. I 2015 starta vi difor opp med ei utgreiing om nytt magasin. Dette arbeidet resulterte i rapporten «Fullt hus», der Bevaringstenestene reiste rundt i fylket og gjekk gjennom



Foto: Bevaringstenestene/MUHO

samlingane til musea, og rekna ut eit arealbehov på 8800 kvadratmeter. Av ulike årsaker kom ikkje saka vidare på dåverande tidspunkt, og i 2021 vart Bevaringstenestene bedne om å lage ei tilleggsutgreiing for å sikre oppdaterte tal. I 2022 vart dette arbeidet gjennomført, og det resulterte i rapporten «Samlingsentrum Vestland». I denne rapporten er ikkje talet på kvadratmeter endra i særleg stor grad, men tanken om kva eit fellesmagasin kan og bør vere, har utvikla seg. Begge rapportane viser det store behovet for nye magasin, men i den nyaste er fokuset endra seg litt, frå at vi primært ønskjer oss eit fellesmagasin, til at vi også ser at det vil vere mogleg å få til ei meir omfattande deling av ressursar i eit nytt bygg. Dette kan dreie seg om både utstyr og personale. Det er viktig at vi i tillegg til magasin, også har god plass til å arbeide med samlingane. Ønsket er at musea også kan få arbeidsplass i eit nytt samlingsentrum i periodar, ved at ein har fleksible arbeidsplassar, og ved at vi har gode og store rom som kan brukast til å registrere, reingjere og klargjere gjenstandar. Det er særleg musea i Bergensområdet som ser for seg å arbeide mykje i eit nytt samlingsentrum,

men også musea som ligg lengre unna ser nytte i å kunne arbeide i eit nytt samlingsentrum i periodar. Vi legg til grunn at dette skal vere eit nytt bygg. Det er fleire årsaker til dette. Det finns gode unntak, men det er samtidig mange døme på at det er vanskeleg å tilpasse gamle bygg til magasin. Dette gjeldt mellom anna noverande magasin i Salhus. Dette er eit godt magasin, men det har avgrensingar når det kjem til storleik på gjenstandar, og det er tungvint logistikk, med ulik golvnivå som gjer at ein må nytte løftebord, rampar og manuelle løft for å flytte gjenstandar internt i bygget. Ei like viktig årsak er at vi ønskjer å bygge eit lågenergibygg, der ein hentar ut jordvarme og nyttar denne til passiv klimatisering av bygget. Dette gjev svært låge driftskostnader, er miljøvennleg, og gjev eit svært stabilt og gunstig klima for museumsgjenstandane. Sjå rapporten «Samlingsentrum Vestland»¹¹ for meir om lågenergibygg. Dessutan er det undersøkt om det finns eksisterande bygg som kan byggast om og nyttast til formålet, men det er ikkje funne noko som er vurdert som egna.

¹¹ <https://dms-cf-10.dimu.org/file/013Amt8SAWP9>

SAMHANDLING MELLOM MUSEA OG BEVARINGSTENESTENE

Om Bevaringstenestene

Bevaringstenestene (BEV) tilbyr musea ulike tenester innan samlingsforvaltning, og ei av dei viktigaste oppgåvene er å drifte eit fellesmagasin for alle musea i fylket. I dei første åra etter at BEV opna, var det fokus på innflytting i fellesmagasinet, då det var viktig å sikre god framdrift i dette arbeidet, slik at flest mogleg museumsgjenstandar kunne få betre tilhøve så raskt som mogleg. Men etter kvart som fellesmagasinet starta å nærme seg fullt, vart det mogleg å også tilby musea anna arbeid som ein del av tenestene musea får utan ekstra kostnad. Finansieringa for fellestenesta kjem frå tilskot frå Kulturdepartementet, Vestland fylke og Bergen kommune. Eit viktig prinsipp som Bevaringstenestene forsøker å arbeide etter, er at arbeidet som musea får utan å betale, skal vere i kategorien førebyggjande konservering. I tilfella der det dreier seg om arbeid ute i museet, skal det i hovudsak organiserast slik at musea stiller med like mange personar som Bevaringstenestene gjer. På denne måten sikrar vi at det vert ei kunnskapsoverføring, noko som gjer musea betre rusta til å sjølve utføre slike arbeidsoppgåver i framtida.

Vi organiserer oss slik at musea melder inn sine ønske om innflyttingar og anna arbeid seinhaustes kvart år. På bakgrunn av dette lagar BEV ein årskalender der flyttedatoar og datoar for anna arbeid vert mest mogleg rettferdig fordelt. Vi har rekna ut om lag kor mange arbeidstimar musea til saman kan få kvart år, men det er ikkje låst eit spesifikt tal på timar til kvart museum. Det er store skil-

nadar mellom dei ulike musea, så dermed vil det ikkje vere heilt rett å dele potten likt. Musea er svært ulike i storleik, både når det gjeld samlingane og når det gjeld tal på tilsette, og dei har også organisert samlingsarbeidet sitt på svært ulike måtar. Det varierer difor kor mykje arbeid musea har kapasitet til å ta i mot, då dette krev organisering og deltaking også frå musea si side. Behovet for hjelp frå fellestenestene vil også variere frå år til år, og det gir ein større fleksibilitet å kunne variere litt kor mykje ein arbeider for kvart museum gjennom året. Mange timar går også til felles arbeid som kjem alle musea til gode, som å utarbeide nye kurstilbod, fagleg oppdatering, planlegging og gjennomføring av fagdagar, kurs og seminar og koordinering av faglege nettverk.

Kompetanse hos Bevaringstenestene

Det er for tida 14 tilsette hos Bevaringstenestene. Blant desse 14 er det tekstilkonservatorar, metallkonservator, gjenstandskonservatorar, møbelkonservator og førebyggjande konservator. Dette utgjer eit av dei største konserveringsfaglege miljøa i landet. Det gjev musea i Vestland eit unikt tilbod. Kompetansen er henta inn internasjonalt, og vi har konservatorar som er utdanna i Finland, Tyskland, England, Danmark, Sverige, Norge, Nederland og Serbia. Det vert berre utdanna gjenstands- og målerikon-servatorar i Norge, og det vert utdanna for få. Konservatorar med anna spesialisering må difor rekrutterast frå andre land. Konservatorane har spisskompetanse på sine felt, og at vi kan tilby musea ein så brei fagkompetanse

er mogleg fordi vi også har ei stor verksemd for eksterne kundar. Vi tek konserveringsoppdrag for ei rekke ulike oppdragsgjevarar, det kan vere andre museum, eller det kan vere statlege organisasjonar, kyrkjer, kommunar og privatpersonar. Denne verksemda finansierte om lag 6 årsverk i 2023.

Dokumentasjonsteam

I skrivande stund har Bevaringstenestene også tilsett ein prosjektleiar for dokumentasjonsteam. Dette er eit ambulerande tilbod der målsetjinga er å integrere dokumentasjon av samlingane som ein del av Bevaringstenestene sitt tilbod til musea i ein periode over tre år. Prosjektet skal bidra til at ein større del av samlingane til musea vert dokumentert og digitalt tilgjengeleggjort. Dokumentasjonsteam kan tilby musea å registrere gjenstandar, fotografere og merke dei, utføre tilstandsvurderingar, samt reingjere og pakke. Arbeidet vert organisert etter eit samlebandprinsipp. Dokumentasjonsteam kan arbeide på ulike måtar, tilpassa det einskilde prosjektet. Bevaringstenestene arbeider for å få midlar til å kunne gjere dokumentasjonsteam om til eit fast tilbod. Det noverande tilbodet vert avslutta i april 2025. Prosjektet er finansiert av KUP-midlar og Museumsløftmidlar. Vi arbeider for å kunne vidareføre prosjektet etter prosjektfasen er ferdig, men er då avhengig av auka driftsmidlar.

RE-ORG

RE-ORG er ein metode som er utarbeida av ICCROM (International Centre for the Study of the Preservation and Restoration of Cultural Property), som er ein organisasjon under UNESCO¹². Metoden går ut på å omorganisere museumsmagasin for at gjenstandar og samlingar skal bli betre bevart og få forlenga levetid. Utgangspunktet er at magasininventar som framleis er funksjonelt skal kunne brukast om att. RE-ORG metoden består av fire steg som inneber analyse av problemet, kartlegging av utfordringar, løysingar og tilgjengelege ressursar. Ein konkret plan og gjennomføring av det heile er sjølvsagde delar.

Bevaringstenestene hjelper musea til å gjennomføre lokale RE-ORG-prosjekt. Metoden eignar seg best i tilfelle der lokala i seg sjølv kan vere gode nok, men der det manglar system og oversyn. Mange magasin er så dårlege

at einaste løysing er å flytte gjenstandane til eit betre lokale, og i slike tilfelle er ikkje RE-ORG løysinga. Metoden erstattar heller ikkje behovet for nytt fellesmagasin.

Housekeeping

Housekeeping er eit tilbod til musea som handlar om rutinar for reingjering i historiske interiør. Slike interiør kan ha mange skjøre overflater, og krev tilpassa metodar for dei ulike materialtypene. Det er viktig å fjerne smuss og støv frå overflater, både av estetiske årsaker, men også for best mogleg bevaring av gjenstandane. Støv kan binde seg kjemisk til overflater, særleg dersom det også er fukt til stades, og dette kan føre til permanente skader på gjenstandane. Å halde reint i utstillingar fører også til dårlegare levekår for insekt og andre skadedyr, og er derfor eit viktig førebyggjande tiltak for å unngå angrep og skade på grunn av dette.

Bevaringstenestene tilbyr å komme på synfaring til ønska stad i museet, utarbeide ein plan, og jobbe saman med museet. Vi kan også hjelpe til med å lage rutinar for reinhald i utstillingane ved sesongstart og sesongslutt. Vi kan gi råd om kva gjenstandar som bør pakkast ned for vinteren, og kva gjenstandar ein kan la vere.

IPM

IPM står for *integrated pest management*, eller integrert skadedyrskontroll. Dette dreier seg om ein heilskapleg strategi for å halde kontroll på skadedyr, det vil seie førebygge, kontrollere og behandle ved behov. Vi brukar i utgangspunktet ikkje gift for å få bukt med problem, men ser heller på årsaka til at problemet oppstod, og forsøker å gjere endringar slik at det opphøyrer av seg sjølv. Dette kan til dømes vere å tette eit tak som lek eller å sørge for gode reingjeringsrutinar. Bevaringstenestene tilbyr eit grunnleggande kurs i IPM. Som ei oppfølging av kursa, tilbyr vi å hjelpe musea med utplassering av feller og identifisering av skadedyr i fellene, samt kva tiltak som bør gjerast dersom det oppstår problem med skadedyr i museet.

¹² <https://www.iccrom.org/programmes/re-org>



Foto: Bevaringstenestene/MUHO

Insektssanering

Vi tilbyr musea insektssanering av gjenstandar, og har både eit fast installert frysekammer i Salhus, og eit mobilt varmekammer som musea kan låne etter avtale. Dersom musea skal låne varmekammeret, får dei også opplæring i bruk. Musea kan nytte frysekammeret utan å betale for dette. I tillegg kan vi hjelpe til når det trengs spesialløyseringar for insektssanering, som karantenepakking eller mindre anoksibehandlingar (insektssanering med fortrenking av oksygen).

Klima

Eit stabilt klima er ein viktig føresetnad for ei god bevaring av museumsgjenstandar. Det er i mange tilfelle ikkje så lett å oppnå dette i museumsbygga. Det kan ha ulike årsaker, men musea har ofte eldre bygg med dårlege ventilasjonssystem. Bevaringstenestene kan gje råd om store og små tiltak som kan avhjelpe dette. Vi kan også gi spesifikke råd basert på gjenstandstypar og kva klima som er mest gunstig. Vi kan også gi råd om lysekserponering og korleis ein vernar museumsgjenstandar mot skade på grunn av stråling.

Utstillingsarbeid

Utstilling av gjenstandar er sjølvstøtt ei av musea sine kjerneoppgåver. Det er viktig at gjenstandane som skal stillast ut er montert på ein forsvarleg måte, slik at ein minimerer slitasje og skader. Vi kan bidra med råd, både om montering og om montre, belysning, klima i utstillingsrommet osv. Vi kan også utføre monteringar, men dersom omfanget vert stort, er dette noko som kjem utanom fellestimane.

Tilstandsvurderingar, kalkylar og konservering

Musea kan få utarbeida tilstandsvurderingar og kalkylar utan ekstra kostnad. Dersom det er ønskje om konservering av gjenstandar må dette som hovudregel betalast for. Dersom musea har mange gjenstandar dei treng kalkylar på, kan dette også bli betalt arbeid, her må vi vurdere omfanget og kor mykje anna arbeid museet får same år.




Foto: Bevaringstenestene/MUHO

Beredskapsgruppa

Musea i Vestland har etablert ei felles beredskapsgruppe som kan hjelpe til med å avgrense skadeomfanget knytt til akutte krisesituasjonar som brann, flaum, lekkasje o.l. Universitetsmuseet i Bergen, Universitetsbiblioteket, Fylkesarkivet og Bergen Byarkiv er også med i gruppa. Alle institusjonane som er medlemmer har signert ein gjensidig forpliktande avtale.

Målet er å byggje opp kompetansen i gruppa slik at alle skal kunne hjelpe til om ein av institusjonane blir ramma av ei akutt krise som kan skade samlingane. Beredskapsgruppa møtest ein gong for året der felles utfordringar og erfaringar blir drøfta. I tillegg arrangerer vi år om anna temamøte og kurs med praktiske øvingar.

Ei arbeidsgruppe bestående av representantar frå musea, Bergen Brannvesen og Bevaringstenestene planlegg aktivitetane i beredskapsgruppa.

Verdibergingsplanar

Bevaringstenestene kan hjelpe musea med å utarbeide verdibergingsplanar. OBRE (Oslo brann- og redningsetat) har utarbeida ein mal for dette som også Bergen brann-

vesen ønskjer at musea tek i bruk¹⁵. Dette er svært viktig å ha på plass, slik at ein veit kva som skal prioriterast i ei krise, til dømes ved ein brann, flaum, lekkasje eller andre uønskje hendingar. Museum Vest, Bymuseet og MUHO har laga slike planar. Dette er eit verktøy som er testa ut med hell.

Kurs

Vi tilbyr ei rekke ulike kurs. Pr. dags dato har vi kurs om:

- IPM (integrert skadedyrskontroll)
- Tekstilhandtering
- Gjenstandshandtering
- Mugg og andre helseskadelege stoff i samlingane
- Plast i samlingane
- Metall

Vi heldt minimum to kurs i året, fortrinnsvis eitt på Bevaringstenestene og eitt ute i eitt av musea. Kursa er som regel lagt opp som dagskurs med ein teoretisk og ein praktisk del. Vi legg vekt på å tilpasse tema for kursa etter behova musea melder inn.

¹⁵ <https://www.oslo.kommune.no/brannvern-ildsted-og-feiing/verdibergingsplan/>

FEM MUSEUMSKATEGORIER, OG SPESIFIKKE UTFORDRINGAR

Bevaringstenestene har, med innspel frå musea, laga 5 ulike kategoriar av museumssamlingar som vi har i fylket vårt. Grovt sett høyrer musea til i ein eller fleire av desse kategoriane;

- Folke-/regionmuseum
- Tema-/spesialmuseum
- Kunstmuseum
- Industrimuseum
- Kunstnarheimar, historiske hus og interiør

Dette er ei inndeling som ikkje naudsynleg dekker alle samlingar, og ein kunne også delt inn annleis, men vi finn meining i å dele det opp slik i denne samanhengen. Mange av musea har samlingar som høyrer til i fleire kategoriar, og nokre er kombinasjonar. Til dømes er det kunstsamlingar i fleire av dei historiske husa. Bevaringstenestene ser til dømes for seg å arrangere ulike temadagar spesielt for desse ulike grupperingane, som kan gje ei god erfaringsutveksling på tvers. Her kan ein sjå for seg å ha ein temadag for kunstmusea som tek føre seg montering og klima i utstilling, eller ein temadag for industrimusea som omhandlar vern av utstyr i bruk, eller ein temadag for historiske heimar om reingjering av interiør. Meininga med dette vil vere at ein får ei erfaringsutveksling og kan lære av kvarandre. Dersom vi kan stimulere til at musea arbeider meir på tvers, vil dette vere ein stor fordel både fordi ein kan nytte ressursane betre totalt, men det vil også vere givande for dei tilsette i musea og gjere at dei vert betre kjent med kvarandre sine fagfelt og styrkar.

Det vart sendt ut ein førespurnad til musea om å melde inn nokre betraktningar kring dette, der vi bad dei om å reflektere kring kvar dei ser utfordringar med denne spesifikke typen samlingar, og kor dei også kan sjå for seg felles løysingar og mål. Dei peikar på at rådgjeving gjeldande bevaring må vere løysingsorientert, musea har knappe ressursar både med tanke på personale og med tanke på økonomiske rammer. Det er også viktig at prosjekta ein definerer ikkje vert for store og omfattande. Følgande tekst gjer greie for det overordna innhaldet i innspela me fekk inn, og vert spegla i måla vi har sett opp.

For **folke-/regionmusea** er det ei utfordring at dei har eit breitt historisk nedslagsfelt og stor variasjon i gjenstandstypar. Det kan også vere krevjande å prioritere i desse. Når det gjeld folkemusea ligg lokal tilknytning ofte som ei grunnleggande årsak til inntak nettopp for å dokumentere lokal livsførsel, samt likskapar og variasjonar mellom ulike naboregionar. Her vert spesialkunnskap om dei ulike gjenstandskategoriane på tvers av musea særleg viktig for å kunne gjennomføre ei god prioritering, men også god lokalhistorisk kunnskap og kjennskap til samlingane og samlingshistorikken på dei einskilde musea. Sjølv om dette gjer at desse samlingane kan vere utfordrande å prioritere i, er det stor interesse for å finne gode måtar å samarbeide på regionalt, slik at ein unngår at musea har for like samlingar. Det er samstundes viktig å ivareta den lokale tilknytninga som desse samlingane skal ha, og historia dei fortel om tida då dei vart oppretta. Musea melder elles inn eit stort behov for at gode fellesmagasin kjem på plass, der det også er plass til å arbeide med samlingane.



For **tema-/spesialmusea** er det ein del overlappende utfordringar med folke-/regionmusea. Begge har store utfordringar med etterslep i dokumentasjonen av samlingane, og det er store utfordringar med for liten kapasitet på magasin. Det kan vere vanskeleg å tolke kva det er musea skal samle på, til dømes er «kystkultur» eit veldig stort felt som treng ei tydelegare avgrensing. Dette er til dels enklare for dei «smalare» temamusea, som er knytt til spesifikke hendingar eller meir tydeleg avgrensa tema. Det er eit uttrykt ønske å halde fram med samlingsgjennomgang, og arbeide både regionalt og nasjonalt med dette. For temamusea kan det også vere eigna å arbeide med dette i dei nasjonale nettverka for dei respektive tema.

Kunstmusea har eit stort behov for personale som kan arbeide med dokumentasjon og digitalisering av samlingane, då det er store etterslep her. Dei melder også inn at dei treng kompetanse på maleri- og papirkonservering¹⁴. Dei treng også magasinplass til store og/eller kompliserte verk og gjenstandar. Det vert også etterlyst rammeverk for avhending og prioritering i kunstsamlingar, då parametera kan vere annleis for kunst enn dei er for kunsthistoriske samlingar. Det er eit ønske om å koordinere tematiske ansvarsområde i Vestland, der ein til dømes kan ta utgangspunkt i tyngdepunkta i samlingane til musea. Dette kan gjelde både kunstsamlingane og kunstindustri-samlingane.

For **industrimusea** er det ei særskild utfordring at det er mykje som må bevarast der det står, og at der det står er det ofte vanskeleg å oppnå gode bevaringsforhold. Dette dreier seg om store, tunge gjenstandar som er del av ein samanheng. Dei har difor størst verdi om dei kan bevarast der dei står og fortelje ei historie om ei produksjonsline eller korleis industrien fungerte då gjenstandane var i aktiv bruk. Samstundes er lokala ofte eldre, utette bygg, med varierende klima, høg relativ luftfuktigheit og mykje lys gjennom store fabrikkvindauge. Det er trong for at ein kan finne gode strategiar for korleis ein kan bevare gjenstandane best mogleg in situ. Det er også trong for støtte i korleis ein kan finne ein god balanse når det gjeld bruk av maskiner. Det er viktig å kunne bruke maskinene i formidling, og det gjev også bevaring av kunnskapen om korleis dei vart brukte. På den andre sida fører dette til tap av -og slitasje på- originaldelar.

Når det gjeld **kunstnarheimar/historiske interiør**, er det eit uttalt ønske om å arbeide med sikring. Dette kan dreie seg om beredskapsplanar og sikringsplanar, men også om konkret sikring av gjenstandar der dei er utstilte. Det er ofte vanskelege tilhøve i historiske hus, med varierende klima, skadedyr og skadeleg lys frå vindauge. Det er trong for ein systematisk gjennomgang av dei viktigaste tiltaka musea kan gjere sjølv, og kva det trengst eksterne midlar til å få gjennomført.

¹⁴ I 2021 skreiv Bevaringstenestene ein rapport om behovet for maleri- og papirkonservering i fylket. I den rapporten vart det konkludert med at det er stort behov for denne typen tenester, men at musea i liten grad har høve til å vere med å finansiere det. Dersom Bevaringstenestene skal utauke sin kompetanse med å tilby konservering av maleri og papir, må det organiserast med delvis finansiering av eksterne oppdrag, og delvis av auka tilskot frå fylke og stat. Då trengs det også meir plass, og difor vil det vere naturleg å sjå dette i samanheng med etablering av nytt samlingsentrum.

TILTAK I PLANPERIODEN

TILTAK I PLANPERIODEN

Det overordna målet for perioden er å sikre god oppbevaring, dokumentasjon og tilgjengeleggjering av dei viktigaste delane av gjenstandssamlingane i Vestland. Det er sett opp sju tiltak som på ulike måter har som mål å sikre ei god retning på dette arbeidet. Tiltaka er sett opp ut i frå innspel som kom frå musea når det gjeld utfordringar i dei ulike kategoriene av samlingar.

1. Etablere samlingsentrum

Bevaringstenestene skal arbeide aktivt for å komme vidare i dette prosjektet og få landa løysingar til det beste for alle musea, i tett samarbeid med Vestland fylkeskommune. Ein viktig føresetnad for utgreiinga «Samlingsentrum Vestland» var at den noverande driftsmodellen, der fylkeskommunen er eigar av bygget fellestenestene driftar, skulle vidareførast. Det er viktig at fylket avklarar si rolle i prosjektet, slik at vi sikrar framdrift. Det må avklarast kven som skal bygge og eige det nye magasinet. I denne planperioden ønskjer vi å få på plass finansiering av prosjektet. For å komme dit, må det utarbeidast eit rom- og funksjonsprogram, og det må på plass ei tomt.

FOR BEVARINGSTENESTENE I SAMARBEID MED MUSEA

2. Etablere dokumentasjonsteam som eit fast tilbod

Ansvaret for dette ligg i stor grad på Bevaringstenestene. Det er søkt om midlar, og arbeidet for å sikre desse mid-

lane må halde fram. Det er samstundes viktig at musea støttar opp om dette. I åra vi har hatt eit prosjektstilling som kan hjelpe musea med dokumentasjon av samlingane, har vi tydeleg sett at dette er eit stort behov hos musea. Med erfaringane vi har hausta ser vi at det er eit godt tilbod som både hjelper musea reint konkret med å få dokumentert gjenstandar, men som også har positive ringverknader ved at ein får gode synergieffektar. Det er lettare å ta tak i prosjekt dersom ein har nokon å arbeide saman med, og det kan gi ny giv til oppgåver som kan kjennast overveldande.

3. Kurs om sikring av gjenstandar på utstilling

Bevaringstenestene skal tilby relevante kurs til musea: I tillegg til dei kursa som allereie er ein del av porteføljen, skal Bevaringstenestene saman med musea utvikle kurs om sikring av gjenstandar på utstilling. Dette kan vere meir overordna tiltak, som å lage gode beredskapsplanar, eller det kan dreie seg om enkle, konkrete tiltak ein kan gjere for å sikre gjenstandar i utstilling. Kurset kan tilpassast ulike typar av samlingar og utstillingar, og gjelde både faste og midlertidige utstillingar.

FOR MUSEA I FELLESSKAP

4. Gjennomgang av samlingane på tvers -utveljing av kategoriar

Dette føreset at musea i lag vel ut nokre kategoriar som eignar seg til å gjennomgå på tvers. Det er kome innspel på at nokre av musea ønskjer å halde fram med store



gjenstandar, som til dømes sledar, vogner eller jordbruksreiskap. Som tidlegare nemnt, kan rapporten om kartlegging av båtsamlingane brukast som eit utgangspunkt, men sjølvstilt tilpassast til nye prosjekt. Val av gjenstandskategori kan drøftast i Samlingsutvalet. Her bør ein også sjå på om det er noko ein skal gjere annleis i høve kunstsamlingane. Dette kan til dømes vere ein eigen fagdag for musea med kunstsamlingar, der ein kan hente inn kunnskap frå til dømes Nederland, som er komne lengre i dette arbeidet. Dei har nytta same verktøy for vurderingar på kunstsamlingar og på kulturhistoriske samlingar. Dette er mellom anna omtala i rapporten «Assesing museum collections», utgjeven av the "Cultural Heritage Agency" del av the Ministry of Education, Culture and Science i Nederland¹⁵.

5. RE-ORG og dokumentasjonsprosjekt

Det vil vere viktig å ha eit ekstra stort fokus på dette i tida som kjem, då det også er avgjerande arbeid før samlingane kan flyttast til eit nytt samlingsentrum. Det er ein omfattande jobb å skulle flytte inn i eit nytt bygg. Det vert viktig å gjere gode førebuingar, også på noverande tidspunkt, kor vegen vidare framleis er noko uklar. Det er smart å prioritere arbeid no, som vil vere til hjelp når eit nytt bygg er på plass. Det er eit tydeleg behov for at musea får arbeida med RE-ORG av magasin og dokumentasjon. Dette heng tett saman, og magasin- og dokumentasjonsprosjekt fungerer godt saman. Ved ei prioritering av gjenstandar inn i eit nytt fellesmagasin, treng ein å få betre oversikt på kva ein har, og kor ein har det.

6. Identifisere kjernesamlingar

Eit viktig ledd for å oppnå ei mest mogleg rasjonell samlingsforvaltning i Vestland er at musea kjem til einigheit internt om kva som er kjernesamlingane i museet. Kva er det museet skal vere best på, kva er dei viktigaste historiene ein vil fortelje med gjenstandane? Dette er ei svært viktig rettesnor for alt arbeid med prioritering og avhending. Her kan samlingshistorikken til musea vere eit startpunkt for samtalar. Musea må sjølve definere kva som er kjernesamlingane, og dette er sjølvstilt diskusjonar internt i musea som mange faggrupper må involverast i. Det kan vere nyttig å ha eit felles utgangspunkt for arbeidet. Bevaringstenestene vil difor ta initiativ til ein workshop om dette for å gje inspirasjon og innspel til metode.

FOR VESTLAND FYLKESKOMMUNE

7. Formalisere Samlingsutvalet hos Vestland fylkeskommune

I og med samanslåinga av Brukarforum og Samlingsrådet, som omtalt tidlegare i planen, er det viktig at dette utvalet får eit tydeleg mandat, som også er handsama og formalisert i Vestland fylkeskommune. Det har heile tida vore intensjonen at dette skulle kome på plass, men det er førebels ikkje gjennomført. Det er laga eit forslag til vedtekter. Bevaringstenestene vil ta ansvar for å ta opp igjen denne saka med fylkeskommunen. Samlingsutvalet er eit svært viktig forum for å ta opp ulike saker innan samlingsforvaltning og for å lage konkrete prosjekt ut i frå dei overordna måla i denne planen.



Foto: Tekstilindustrimuseet/MUHO



Foto: Kräftmuseet



Foto: Bevaringstenestene/MUHO




Foto: Marianne Lindgren / Museum Vest



Foto: Sogn og Fjordane kunstmuseum/MISF

¹⁵ <https://www.cultureelerfgoed.nl/publicaties/publicaties/2014/01/01/assessing-museum-collections>





M U
H O

BEVARINGSTENESTENE